



Wenche Pettersen

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/1017 - 17/8530

Saksbehandlar:  
Marius Flemmen Knudsen  
marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:  
28.04.2017

## Godkjenning av søknad om skadefelling av rev

**Administrativt vedtak. Saknr: 115/2017**

### Saksutgreiing:

Administrasjonen syner til søknad motteke 25.04.2017 om skadefellingsløyve av rev på Gbnr. 12/ 2 og 3 på Tveit. Wenche Pettersen driv med sau, og har sau gåande ute på garden. Lam og fjorårslam kan vere eit lett bytte for reven, spesielt dei som er små. Wenche Pettersen opplever at reven går inne på og rundt beita der fjorårslamma er. I beitesesongen 2016 var det store tap av lam i område frå Dale til Brakstadvatnet. Fleire bønder mista lam som følgje av rev, og det vart observert fleire rev inne på beita på jakt etter lam. Wenche Pettersen mista 13 lam til rev i 2016.

Som følgje av tapa i 2016 har bøndene i samarbeid med bondelaget lagt til rette for å få til ein organisert jakt på rev i område. Det har blitt lagt til rette for åte med fastmontert lys og jegarane som har jakta, har erfaring med revejakt. Det har blitt felt 3-4 rev som følgje av dette.

Då det framleis er rev på Tveit som aktivt oppsøker beite kor sauene oppheld seg og beitar, og stressar dyra på beite, søker Wenche Pettersen no om skadefellingsløyve på rev ut april månad.

### Vurdering:

Jaktida på rev er 15.07-15-04. Meland kommune er ein landbrukskommune og har mykje sauebønder. Lamminga er no i full gang, og små lam er eit enkelt bytte for reven. Jaktida på rev samsvarer ikkje heilt med perioden der potensiale for skade er størst og skadeomfanget er størst. Difor er det i enkelte tilfeller naudsynt med skadefelling av rev for å avgrense tap og skade på beitedyr. Søknader om skadefelling handsamast etter forskrift om felling av viltartar som gjer skade eller som vesentleg reduserar andre viltarters reproduksjon.

Skadefelling er eit unntak frå viltlova og viltets fredningsprinsipp for å hindre eller avgrense skade. Skadefelling skal ikkje nyttast som eit bestandsregulerande verkemiddel, eller eit førstevalg for å unngå skade. Det er eit krav frå forskrifta at andre midlar for å unngå skade skal sttast i verk før det kan gis skadefellingsløyve.

Etter skadefellingsforskrifta kap. II pkt. A opnar for at grunneigar sjølv kan fella rev som gjer skade, men det er avgrensa til «*når disse gjør skade av vesentlig økonomisk betydning på en eller flere av følgende verdier: Hus, hage, åker, plante- eller frøkultur, aktivt drevne egg- og dunvær, pelsdyrfarm, fjørfeoppdrett eller viltoppdrett.*». Dette betyr at eigar/brukar/rettighetshaver/grunneigar ikkje kan felle rev som gjer skade på beitedyr utenfor jakttida. Etter Kap II pkt. B i forskrifta kan kommunen gje løyve til felling av artar som fell inn under pkt. A, ved andre skadetilfelle enn det som fråmgår av pkt. A. Det betyr at kommunen skal gje løyve til skadefelling av rev som gjer skade på beitedyr.

Administrasjonen vil understreke at skadefellingsløyve er eit unntak frå viltlovas generelle fredningsprinsipp og frå prinsippet om at viltet skal vera i fred i yngletida. Det skal liggje sterke grunnar til å opna for skadefelling. Vidare må det gjerast tiltak for å unngå skade før løyve til skadefelling kan gjevast. Søkjar har saman med andre som hadde tap i 2016 lagt til rette og fått gjennomført organisert jakt i område i ordinær jakttid for å redusera bestanden. Dette har gitt resultat, men ikkje nok. Administrasjonen meiner at dei tiltak som har vorte gjennomført er gode og riktige, og at det må gjerast kontinuerlig for å redusera skadene. Men at det er naudsynt med skadefelling som omsøkt. Administrasjonen meiner at kravet i forskrifta om at skaden skal ha skjedd er oppfylt, då reven aktivt oppsøker sau på beite, jagar og stressar dei. Det er ikkje bra for sauene på beita at den stadig vert forstyrra/jaga av reven. Sauen blir stressa og bruker meir tid og energi på å vakte seg og følgje med i område. Stadig stress og forstyrring vil redusera sauens tid til næringsopptak og foropptak. Vidare vil stadig stress kombinert med lite energiinntak kunne svekke sauens almentilstand og gjere dei meir utsette for skader/sjukdom.

Administrasjonen vil etter ein samla vurdering gje løyve til sakdefelling av rev, inntil 3 stk innan 1. mai. Administrasjonen meiner at vilkåra for å kunne gje skadefelling er oppfylt og at dei tidlige tiltaka ikkje har vore nok for å unngå skade. Vidare vil administrasjonen leggje vekt på at jakttrykket vert heldt oppe i ordinær jakttid og at ein fortsett det arbeide som er starta.

## **Vedtak**

«Meland kommune gjev løyve til å felle inntil 3 stk rev innan 1. mai hjå Wenche Pettersen. Det skal prioriterast å ta ut skadegjerande individ.

Rapport på fellingsresultat skal sendast til kommunen så snart så mogleg, og innan 08.05.2017.»

## **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

## **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen  
skog- og miljøkonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Wenche Pettersen